

Kandidat til SKUP-prisen 2012

«Christina-saka»



NRK Sogn og Fjordane 2012

Hovudreporter: Geir Bjarte Hjetland, tlf: 95 09 03 18, epost: geir.bjarte.hjetland@nrk.no

Medreporterarar: Arve Uglum, Sondre Dalaker, Torje Bjellaas m.fl.

Bakgrunn:

Sommaren 2011 fekk eit tips om at alt ikkje var som det skulle i livet til då 16 år gamle Christina Flåten frå Sogndal. Frå å vere ei velfungerande jente på dei fleste område i livet, var alt i ferd med å bli snudd opp ned for den unge, døve jenta.

Utover hausten og vinteren 2011 gjekk ho frå å vere elev i vidaregåande til å bli 100% pleietrengande i familien sin omsorg. Eg hadde jamnleg kontakt med foreldra til jenta, særleg far Frank Flåten.

Etter nokre månader tok familien kontakt med meg og ønska å få saka fram i media. Etter eit stormøte med heile familien, valde eg å gå vidare med saka utfrå følgjande påstandar frå dei:

- Ingen i helsevesenet ville ta ansvar for Christina, ho var blitt ein kasteball mellom førstelinetenesta i Sogndal kommune og Helse Førde
- Familien hevda at tilbodet ho no hadde fått frå Sogndal kommune om omsorgsbustad var ikkje-fungerande. Christina vart berre dårlegare og dårlegare

På denne tida var Christina sterkt plaga av spasmer, sterke angstanfall, utagering, manglande språk / kommunikasjon, liggesår m.m.

Eg sette då i gong ei meir aktiv undersøkingssak, der eg tidleg i prosessen fann eg mellom anna ut følgjande:

- BUP meinte at Christina skulle ha eit lite, sterkt team rundt seg. Kommunen hadde ein turnus med mange ulike personar, vikarar, ingen fysioterapi m.m
- Det var sterk usemje mellom kommunen, fastlege, Helse Førde og Rikshospitalet om kven som hadde ansvaret for jenta
- Via vaktprotokollen til kommunen kom det og fram ei rekkje episodar, der det tydeleg gjekk fram at pleiarane / miljøpersonalet følte at dei ikkje hadde tilstrekkeleg kompetanse
- Det låg føre eit tilbod frå omsorgsverksemda Melås AS om å overta omsorgen, som kommunen kategorisk hadde avvist

Publisering:

Etter nøye undersøkingar tok eg saka vidare med leiinga i NRK Sogn og Fjordane, og vi bestemte oss for å vidare med dette.

Vi la eit løp der vi ønskte ei fleirmedial publisering, der vi i sterk grad fokuserte på Christina sin situasjon utfrå sterke indisjar og direkte bevis på at det tilbodet jenta hadde var under einkvar kritikk.

18. april 2012 publiserte vi den første saka parallelt på NRK Vestlandsrevyen klokka 18.40 og på nrk.no klokka 19.16:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8082144 (Vestlandsrevy-saka ligg øvst i nettsaka)

Saka vekte sterke reaksjonar og vi følgde tett opp dei komande dagane og vekene med både styresmakter, organisasjonar og ekspertar.

Konsekvensar i denne fasen:

- Saka vart teke opp politisk lokalt og på riksplan
- Fylkeslegen i Sogn og Fjordana erklærte seg etterkvart inhabil i saka
- Fylkeslegen i Hordaland vart oppnemnd som setjefylkesmann
- Kommunen inngjekk ein reint midlertidig avtale med Melås AS om å overta omsorga

Utover våren bestemte vi i samråd med familien å la saka ligge i påvente av å sjå resultatet av den nye omsorgen frå Melås, samt sakshandsaminga vidare. Etterkvart hang Sogn Avis seg på, samt Kommunal Rapport.

Undervegs var eg alltid 100 prosent orientert om korleis utviklinga var for Christina, og kva kommunen føretok seg i saka.

Kring 1. august fekk vi eit førehandsvarsel om at fylkeslege Helga Arianson i Hordaland var ferdig med å handsame saka. 3. august publiserte vi følgjande sak:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8268749

Der sler fylkeslegen i Hordaland fast at Sogndal kommune ikkje har ytt tilstrekkeleg helsehjelp, men at det private tilbodet ho no har gjennom Melås AS er velfungerande. På heimesida skriv fylkeslegen i Hordaland mellom anna dette

«Konklusjonen vår er at ho får oppfylt retten sin med det tilbodet ho har no, men at kommunen braut plikta til å gje nødvendige og forsvarlege tenester ved ikkje å følgje godt nok med på tilstanden hennar medan ho var i den kommunale bustaden. Kommunen sørgde heller ikkje for at ho fekk ein individuell plan.»

Vidare konsekvensar:

Den påfølgjande rapporten frå fylkeslegen førte til følgjande konsekvensar:

- Sogndal kommune har no inngått ein førebels langtidskontrakt med Melås AS
- Administrasjon og politisk leiing i kommunen har lagt seg langflate og har beklaga offentleg at dei ikkje klarte å gje jenta den behandlinga ho skulle ha
- Kontrollutvalet i Sogndal vurderer å opne intern tilsynssak mot leiinga i kommunen

Status per dags dato 10. oktober 2012:

- Christina er i dag mykje meir fungerande enn då ho var i kommunen si omsorg
- Ho har mellom anna vore på ferie i Spania, og ho kommuniserer no godt med både venninner og familien
- Kommunen og familien skriv i desse dagar truleg under ein treårskontrakt med Melås AS, med opsjon for forlenging i nye tre år

Kjeldebruk:

- Familien og andre i nær relasjon til Christina
 - Direkte kontakt med disse, via telefon, facebook-chat og personlege møter
 - Reporter tilgjengeleg for kjeldene når som helst på døgnet
- Tilsette i kommunen
 - Både opne og lukka kjelder internt i kommunen
 - Fleire «hemmelege» møter med tilsette som ikkje torte å vere opne varslarar
 - Møter med tidlegare tilsette i omsorgstenesta
 - Samtalar med leiinga i kommunen, både opne og lukka møter
- Tilsette hjå fylkesmannen
 - Formelle samtalar / møter med tilsette hos fylkesmannen både i Sogn og Fjordane og Hordaland
 - Deltaking på seminar for å kunne treffe sakshandsamarar i andre settingar. Delvis «Walraffing»
 - Telefonsamtalar med tilsette som bevisst lek frå det pågåande arbeidet
 - Avtalar om varsling om når avgjersler vart teke
- Ulike opne og lukka dokument / møtereferat / vaktloggar m.m.
 - Via familien fullt innsyn i all sakshandsaming, særleg det som i utgpkt er stempla u.off
 - Via tilsette i kommunen innsyn i interne vaktloggar, hendingsrapportar, avviksmeldingar
- Sosiale medier
 - Facebook-relasjon til aktuelle kjelder via meldingar og chat
 - Oppretting av «vennskap» med aktuelle kjelder
 - Deling av saker frå nrk.no/sf for å skape interesse rundt saka, samt på den måte få nye innspel og informasjon

Publiseringsoversikt:

nrk.no / NRK Vestlandsrevyen

18. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8082144

19. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8085084

19. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8083127

20. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8088840

21. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8090576

23. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8092303

23. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8095296

25. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8101381

26. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8105315

30. april:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8110544

3. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8268749

6. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8271388

7. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8273054

11. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8277422

15. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8283106

16. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8283894

23. august:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8291316

NRK Sogn og Fjordane, fylkesnytt / magasin:

- Ei lang rekkje saker / meldingar

Andre sin omtale av saka:

<http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1482&amid=3597990>

<http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=455&amid=3582000>

http://www.kommunal-rapport.no/artikkel/ga_ikke_god_nok_helsehjelp

http://www.kommunal-rapport.no/artikkel/toppene_la_seg_flate

http://www.sognavis.no/lokale_nyhende/article6174991.ece

http://www.sognavis.no/lokale_nyhende/article6087077.ece

http://www.sognavis.no/lokale_nyhende/article6090077.ece

<http://www.firda.no/nyhende/article6023063.ece>